



Haugen Vva AS
Belinda Nesbjørg
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2434 - 18/31758

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.10.2018

Igangsettingsløyve for teknisk infrastruktur reguleringsplan Sjøvold - gbnr 172/26 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 567/18

Tiltakshavar: Seim Bygg AS
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av etablering av teknisk infrastruktur innanfor reguleringsplan Sjøvold, Seim, Planid.: 1263-201514. Tiltaka er knytt til etablering av køyreveg, og trase for vatn- og avløpsleidningar.

Kommunen har i vedtak av 04.01.18 gjeve rammeløyve for teknisk infrastruktur i planområdet.

Det ligg føre avkøyrsløyve til Fv 402, datert 05.10.18, utstedt av Statens vegvesen.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.10.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.10.18 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket, etablering av veg, vatn og avløp innanfor planområde Sjøvold, Seim planid.: 1263-201514. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Rammeløyve av 04.01.18 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Teikning GH01 Sjøvold boligfelt. VVA- anlegg Vann- og avløpsplan revisjon C datert 03.09.2018 erstatter revisjon B datert 16.08.17.**
- 3. Teikning GH02 Sjøvold boligfelt. VVA- anlegg Ledningsplan og profil veg 2 revisjon B datert 03.09.2018 erstatter revisjon A datert 01.06.17.**
- 4. Det må i anleggsfasen etablerast ein plan som sikrar mjuke trafikantar langs Lurevegen, td. bør ein i perioden for henting og bringing til barnehage om morgon og ettermiddag, avgrense bruk av store køyretøy langs Lurevegen.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve

- 1. Godkjent ferdigmelding på tilkobling til offentleg VA anlegg**
- 2. Rekkefølgekrav i reguleringsplan skal vere oppfylt**
- 3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn og koordinatar sendt kommunen.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2434

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|---------------|-----------------|------|--------|
| Haugen Vva AS | Fabrikkgaten 7B | 5059 | BERGEN |
| Seim Bygg AS | Nesbrekka 28 | 5912 | SEIM |
| Seim Bygg AS | Nesbrekka 28 | 5912 | SEIM |

Mottakarar:

| | | | |
|---------------|-----------------|------|--------|
| Haugen Vva AS | Fabrikkgaten 7B | 5059 | BERGEN |
|---------------|-----------------|------|--------|